NMF | NORGES MUSIKKORPS FORBUND | Nordvest

# Velkomen til sommarkurs!

Vi takkar for påmeldinga til sommarkurs! Du er meldt på til **Gult dagkurs Ålesund på Hatlane Skole,** Smedgarden 5, **måndag 8. august til torsdag 11.august 2016.**

26 deltakarar er påmelde i skrivande stund (2.juni 2016) på det gule kurset. Vi gler oss til kjempeflotte dagar med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!

**Frammøte: Hatlane Skole,** Smedgarden 5, **måndag 8. august til torsdag 11.august** klokka 9 – 15 kvar dag.

**Avslutningskonsert:** Uformell avslutningskonsert på **Hatlane Skole** klokka 15 torsdag 11. august. Vi håpar slekt og vener tek turen for å høyre på!

**Opphald:** Du møter opp på skulen til klokka 9 kvar morgon. Der blir du møtt av dei vaksne på kurset. I mellom 9-15 oppheld vi oss på kurset sitt område. Det er viktig å ha med niste kvar dag. Henting av musikantane skjer mellom kl. 15.00-15.15.

Har du matallergiar er det **veldig viktig** å gje beskjed til oss før kurset startar.

Musikalsk leiar for kurset er Thomas Swatland og leirsjef er Anita Nøring.
Oversikt over av alle lærarane på kursa ligger ute på NMF Nordvest sine heimesider.

**Kva skal eg ha med?** Sjå neste side.

**Reglement:** Alle deltakarane må følgje kursreglementet (sjå neste side).

**Viktig!** Viss du ikkje kan møte på kurset likevel, må du gje beskjed til regionkontoret **snarast råd.** Beskjed om dette gjer du på e-post nordvest@musikkorps.no, tlf 45414522. Dersom du vert sjuk må du få sjukemelding/ legeattest som må sendast til kontoret snarast råd. Då vil du få kursavgifta refundert. **Påmeldinga er bindande, og kursavgifta vert ikkje refundert utan legeerklæring.**

**Lurer du på noko?** Ikkje nøl med å ta kontakt med regionkontoret!

**Det vert ikkje sendt ut fleire infobrev enn dette før kurset. All vidare informasjon vert å finne på NMF Nordvest sine heimesider www.musikkorps.no/nordvest.**

**Vi ynskjer deg hjarteleg velkomen til sommarkurs 2016!**

Beste helsing

NMF Nordvest
Jørgen André Brecke
Musikkonsulent

Fylkeshuset
6404 Molde

Tel: 98 24 11 64

musikkorps.no
nordvest@musikkorps.no

# SOMMARKURS 2016

## Hugs å ta med:

- ☺ Feilfritt instrument med tilhøyrande utstyr
- ☺ Notestativ (hugs å merke med namn!)
- ☺ Skrivesaker
- ☺ Note- og skrivebok
- ☺ Personlege medisinar
- ☺ Svart bukse og svarte sko
  til avslutningskonserten
  (t skjorte blir delt ut)
- ☺ Innesko
- ☺ Drikkeflaske

## Slagverkarane

**skal òg ha med:**
(NB! Hugs å merke utstyret godt!)

- ☺ Stikker, køller, vispar
- ☺ Øvingstromme
- ☺ Lilletromme med stativ

## Reglement:

1 Elevane pliktar til ei kvar tid å rette seg etter dei beskjedar som blir gjevne av personalet på musikkleiren.

2 Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekke- og etetider skal overhaldast.

3 Elevane skal møte opp i god tid før kvar undervisningstime slik at dei er speleklare når timen tek til.

4 Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan løyve frå leirsjef.

5 Røyking er forbode innandørs.

6 All bruk av alkohol og andre rusmiddel er forbode.

7 Brot på reglementet vil føre til utvising frå musikkleiren utan tilbakebetaling av kursavgifta. Rapport vert sendt til korps og regionstyret.

8 Energidrikker som Red Bull og liknande er ikkje lov på sommarkurset.

**… og alle kjem sjølvsagt til sommarkurset med godt humør og speleglede!**

# VELKOMEN PÅ SOMMARKURS!

Lurer du på noko? Meir informasjon får du på regionkontoret:
Tlf 982 41 164, e-post nordvest@musikkorps.no





